Utvida styremøte Utdanningsforbundet i Ulstein 20.01.26.

Møtte: Anja Ertesvåg, Caroline Torgersen, Randi Lyngbø Ottesen, Mette Holstad, Ingolf Sakkarus Dyrhaug, Ole Terje Sukka, Aud Janne Hatlebakk, Brita Hofseth Hatløy, Linda Christin Arneberg, Linda Sævik, Amalie Ristesund og Christin Myrene.

ATV-ar: Liz-Torine Enerhaug, Silje Holstad Flø, Charlotte Breivik Garnes, Camilla Hatlebakk Hjelmeseth, Emilie Kvalen, Marte Gurskevik Skeide, Marita Ulstein Stang, Turid Sundal, Caroline Torgersen og Hilde Aarsand Vik

Valnemnd: Vedrana Terzic, Sveinar Kleive, Heidi Mundal

Forfall frå styret:

Sak 1/26. Fast sak. Godkjenning av innkalling og sakliste. Innmelding av ekstra saker til eventuelt.

Vedtak: Styret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 2/26. Fast sak. Orientering frå HTV.

HTV orienterer om aktuelle saker det vert jobba med i KS-området.

-Sak om innsparing oppvekst

-Tilsetjingar, leiar PPT-starta i januar

-Herøy PPT med i interkommunalt PPT frå januar

-Interkommunalt samarbeid i Sjustjerna, ein ser på aktuelle samarbeidsområde, arkiv, økonomi osv. HTV-ar frå kvar kommune er med.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.

SAK 3/26. Fast sak. Økonomi.

Nestleiar informerer om økonomien til lokallaget. Føringar for budsjettet frå UDF: Prioritere styre og tillitsvalde. Innkjøp av utstyr (telefon). Gåve til alle medlemmar i år? Leiar og nestleiar utarbeider forslag til budsjett til styremøtet i februar.

- innspel: medlemmer blir glade for fornuftige og berekraftige gåver som t.d. ladekabelen vi fekk. Gjerne med synleg logo.
- Ønske om sekk, men det er svært kostbart for lokallaget og vil ta over halvparten av budsjettet vårt. Dette vil gå ut over tilbodet vi kan gi medlemmane i form av samlingar og kursing.

- Airtag som er sporbar. Aktuelt?

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.

SAK 4/26. Fast sak. Gjennomgang av årshjul og satsingsområde.

Kva har vi gjort, kva skal skje framover? Gjennomgang av årshjulet vårt frå august til desember. Grundigare prioriteringar framover vert gjort på styrekurset vårt i september. Kva er viktige saker vi vil ha fokus på neste halvår? Aktivitetar vi vil gjennomføre.

Intervju i Vikebladet-nedbemanning

Lesarinnlegg

Innspel til politikarane i budsjettarbeidet

ATV-samling 8. desember

Leiarsamling

Intervju i Vikebladet om lærarnorm saman med UDF Hareid

Møte med ordførar/varaordførar om lærarnorm 17.01.

ATV-samling skule 28.01.

ATV-samling barnehage 24.02.

Forslag til føredragshaldar medlemsmøte haust 2026: Trygve Børve

Vedtak: Revidering av årshjulet. Vi kjem med innspel og eventuelle endringar for komande halvår. Mette noterer dette i eige dokument, og vil legge inn aktuelle punkt i årshjulet.

SAK 5/26. Eige ATV-kurs for lokale ATV-ar.

Skal vi søkje om inndregne midlar til eit eige kurs for lokale ATV-ar. Kva tid skal ein i tilfelle prøve å få til dette?

Vedtak: Saka vert utsett til neste styremøte. Saka er meldt inn på Nettverkskurset i mars og som sak på ATV-samlingar i januar og februar.

SAK 6/26. Nettverkskurs i Loen 16.-17.03.

Leiar, nestleiar og to til får delta på dette. Kurset startar måndag ettermiddag og varer heile tysdagen. Kven har moglegheit? Kven var med sist?

Vedtak: Leiar, Randi, Ole Terje og Aud Janne reiser på kurset.

SAK 7/26. Årsmøte

Årsmøtet vert 18.03 på SUFH med middag i etterkant. Vi kjem tilbake med val av meny. Styret bør vere synlege på årsmøtet. Kanskje vi kan ha på oss t-skjorter eller fleecejakker? Alle i styret vil få oppgåver på årsmøtet. Vi tenkte vi kunne hatt loddtrekning. Bør vi ha anna program? Kan nokon frå styret bidra med eitt eller anna? Kulturelt innslag? Det er ikkje sikkert det kjem representantar frå Fylket denne gongen. Vi kan ønske det. Spesielt tema? Presentere styret og valnemnda. Ta bilete av nytt styre. Forslag til årsmøtesaker frå styret.

Vedtak: Deltakarane på det utvida styremøte tek orienteringa til vitande.

SAK 8/26. Årsmelding og budsjett/rekneskap

Styret kjem med innspel til årsmeldinga. Leiar og nestleiar utarbeider forslag til årsmelding og budsjett/rekneskap til styremøtet i februar.

Vedtak: Saka vert utsett til neste styremøte.

Innlegg frå valnemnda

- Jobbar med kjønnsbalanse, samansetning i styret
- Jobbar godt med å balansere medlemsmasse og tal på styremedlemmar

SAK 9/26. Eventuelt